

ØRSKOG KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

12.09.2011

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 19.09.2011 kl. 16.00  
på rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 06/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.05.2011
- ” 07/11 - Vedk. oppfølging av sak 14/10 og sak 04/11 - praktisering av Lov om offentlige anskaffelser for utvalde prosjekt i Ørskog kommune
- ” 08/11 - Tertialrapport 1. tertial 2011 – Ørskog kommune
- ” 09/11 - Forvaltningsrevisjonsrapport – praktisering av forvaltningslova med omsyn til svarfristar på inngåande korrespondanse – Ørskog kommune
- ” 10/11 - Orienteringssak, brev om rutinar for finansforvaltning (ikkje saksutgreiing)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
ØRSKOG KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 9. mai 2010 kl 08.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Knut Sørdal

= 2 voterande

Unni Eide hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå Ørskog kommune møtte rådmann Anders Grotle, teknisk sjef Martin Iversen og rekneskapsansvarleg, Svein Inge Alnes.

Avdelingsingeniør Asbjørn Eide møtte i sak 04/11.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 13. DESEMBER 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 13. desember 2010 blir godkjent.

**SAK 02/11**

**ÅRSMELDING 2010 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Ørskog kommune til orientering.

**SAK 03/11**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

**SAK 04/11**  
**STATUS FOR VEDTAK I SAK 14/10**

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2011

Rådmannen orienterte om årsaker til at kontrollutvalet ikkje hadde blitt orientert. Tidsmessig har administrasjonen vore i ein ekstrem situasjon og denne saka hadde ikkje blitt gitt høg nok prioritet. Han opplyste at kommunen var i ferd med å utvikle eit dokumentasjonssystem for offentleg kjøp. Dette systemet vart vist fram i møtet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om svar innan 01.06.2011.

**SAK 05/11**  
**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM PRAKTISERING AV**  
**FORVALTNINGSLOVA I ØRSKOG KOMMUNE MED OMSYN TIL**  
**SVARFRISTAR PÅ INNGÅANDE KORRESPONDANSE**  
(Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set frist for ferdigstilling til 15.07.2011.

Knut Helge Vestre  
leiar  
(sign)

Knut SørDAL  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2011

**SAK 07/11  
VEDK. OPPFØLGING AV SAK 14/10 OG SAK 04/11 - PRAKTISERING AV LOV  
OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG  
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Notat frå Ørskog kommune datert 01.06.2011

I sak 14/10 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet viser til tidlegare saker som gjeld praktisering av Lov om offentlige anskaffelser og ber kommunen skjerpe sine rutinar på dette området.*
2. *Kontrollutvalet vil også understreke behovet for prosjektering ved investeringsprosjekt.*
3. *Kontrollutvalet ber om ein skriftleg oversikt over alle investeringsprosjekt som er i gang eller er avslutta i 2010 med dokumentasjon på at Lov om offentlige anskaffelser er følgd.*
4. *Saka blir å sende kommunestyret til orientering.*

Av møteboka til kontrollutvalet i sak 04/11 kjem følgjande fram:

*Rådmannen orienterte om årsaker til at kontrollutvalet ikkje hadde blitt orientert. Tidsmessig har administrasjonen vore i ein ekstrem situasjon og denne saka hadde ikkje blitt gitt høg nok prioritet. Han opplyste at kommunen var i ferd med å utvikle eit dokumentasjonssystem for offentlig kjøp. Dette systemet vart vist fram i møtet.*

***Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:***

*Kontrollutvalet ber om svar innan 01.06.2011.*

Innan fristen nemnt ovanfor har kontrollutvalsekretariatet motteke eit notat som vedlagt følgjer saka.

I lov om offentlige anskaffelser og forskrifter om offentlege forskrifter kjem det fram krav som kommunane må følgje:

## Krav i regelverket

### Krav ved beløpsgrense på 100.000 kroner:

- Innkjøpet skal vere basert på konkurranse
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

### Krav ved beløpsgrense på 500.000 kroner:

- Innkjøp skal gjerast i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser og del 2 og skal vere utlyst på Doffin-basen
- Det skal ligge føre skatteattestar frå leverandørane
- Det skal ligge føre HMS-eigenerklæring
- Det skal førast anbudsprotokoll

### Krav ved beløpsgrense på 1.600.000 kroner, EØS-terskelverdi

- Kunngjeringsplikt i TED-basen for varer og prioriterte tenester
- Plikt til rettleiande kunngjering dersom ein ønskjer å nytte avkorta fristar
- Plikt til å kunngjere konkurranseresultatet for varer og tenester
- Plikt til å ta inn sosiale klausular i teneste/bygg og anleggskontraktar

### Krav ved beløpsgrense på 40,5 mill. kroner, EØS-terskelverdi

- Kunngjeringsplikt i TED-basen for bygg og anlegg
- Plikt til å kunngjere konkurranseresultatet
- Plikt til rettleiande kunngjering dersom ein ønskjer å nytte avkorta fristar

Lova og forskrifta stiller krav om konkurranse, likebehandling, forutsigbarheit, gjennomsiktigheit og etterprøvbarheit. I tillegg er det krav om dokumentasjon slik at det kan bli høve til kontroll og overprøving.

Notatet tek også for seg sal av eigedom. For slike forhold gjeld lov om offentleg støtte (L27.11.1992 nr. 117), jf EØS-avtalens artikkel 61

EØS-avtalen forbyr som hovudregel offentleg støtte til næringslivet. Dersom kommunen overdreg offentleg eigedom på gunstigare vilkår enn det markedet tilseier, kan dette utgjøre ulovleg statsstøtte etter EU/EØS regelverket. EFTA sitt overvaksningsorgan (ESA) og EU-kommisjonen har utarbeidd retningslinerr for eigedomsoverdragingar frå det offentlege til private næringsdrivande. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd rettleingar til regelverket.

Når det gjeld vurdering av kva som er markedspris, kan det skillast mellom betaling for infrastruktur og kjøp av råtomt.

Dersom kommunalt finansiert infrastruktur medfører selektive økonomiske fordelar til enkelte bedrifter, kan ei overdraging bli ramma. Det blir eit vurderingsspørsmål i det individuelle

tilfellet korvidt tilrettelegging av infrastruktur utgjer offentleg støtte til foretak som nyttar infrastrukturen. Støtte kan likevel vere innanfor med EØS-avtalen. Eit av unntaka fell innfor sokalla bagatellmessig støtte. Beløp under 200.000 Euro fordelt over ein treårsperiode treng ikkje å bli meldt til departementet eller ESA.

Etter lova § 2 skal meldepliktige støttetiltak meldast til departementet av den som skal yte støtten før støttetiltaket blir sett i verk.

Kontrollutvalsekretariatet går her ikke nærmere inn på desse sala som er gjort.

### **Eksempel frå notatet og oversikten**

Det går fram at prosjekt 4060, Sjøholt skule oppreting tak i symjehall, budsjett 1.875.000 kroner er starta utan utlysing på Doffin, men at det er innhenta tilbod. Ved bygging av "Trekanten", vil kommunen nytte same tilbodet som vart brukt på bussterminalen. For nokre oppdrag har kommunen nytta tidlegare leverandørar og tidlegare innhenta tilbod. Det går vidare fram at tenestekjøp frå Ørskog Energi AS overstig grensene for utlysing på Doffin. Når det gjeld vegarbeid so har det ikkje tidlegare vore innhenta reelle anbod på dei arbeida som går føre sjølve asfalteringa kjem det fram i notatet. Det går vidare fram:

*"Det har vore vanleg å nytte kommunale enterprenørar i den utstrekning dei har hatt kapasitet og har vore funne skikka til å utføre slike oppdrag for Ørskog kommune. Dette har ut frå vår erfaring, fungert svært bra og, har vore sett på som ei god ordning av politikarane i kommunen."*

### **Oppsummering**

Det går tydeleg fram av kommunen sitt notat at konkurranse ikkje alltid blir gjennomført ved nybygg og nyanlegg. Det går også fram at ikkje alle prosjekt som skal utlysast på Doffin – basen blir utlyst der. I oversikten kommunen har laga kjem det berre unntaksvis fram prosjektkostnad slik at beløpøsgrenser i liten grad kan sjekkast.

Det går ikkje fram av notatet at det blir innhenta skatteattestar eller HMS-eigenerklæring frå leverandørane. Det går heller ikkje fram nærare opplysningar om anbodsprotokoll, kunngjering av konkurranseresultatet for varer eller tenester eller klausular om sosial dumping.

Notatet indikerer at Ørskog kommune framleis har ein veg å gå når det gjeld å overhalde regelverket for offentlege anskaffelsar. Dessutan er viktige spørsmål ikkje berørt.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet konstaterer at kommunen utifrå innkomne opplysningar so langt ikkje har fått innretta sin inkjøpspraksis i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

2. Kontrollutvalet vil følge opp dette temaet vidare
3. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Teknisk avdeling

## Notat med oppfølging

### Mottakarar:

Anders P. Grotle  
Svein Inge Alnes

Vår ref.  
11/4425-030/MAIV

Dato:  
01.06.2011

**Kontrollutvalet - oversikt over investeringsprosjekt som var i gang eller vart avslutta i løpet av 2010.**

### **Kontrollutvalet, møte 13. desember 2010, sak 14/10.**

Oversikt over alle prosjekt som "var i gang i 2010 og/eller vart avslutta i løpet av 2010".

KOMMENTAR frå fungerende teknisk sjef pr 29. mars 2011.

### **Justeringer utført før møte 01.06.2011.**

Vi har mange prosjekt som passer inn under denne beskrivelsen "investeringsprosjekt som var i gang eller vart avslutta i 2010". Lister opp alle prosjekta som passar "innafor", med tilføyning av ein liten merknad til kvar einskild sak. Vi går ikkje "djupt inn" i kvart prosjekt fordi vi, etter vår meining, ikkje bør bruke for mykje tid på fortida, men tenke framover og prioritere komande prosjekt.

- **Steinholt bu- og servicesenter.** Bygd etter at prosjektet var lyst ut på anbod via Doffin. Det vart mykje uføresett tilleggsarbeid og det står att noko av arbeidet enno. Avsluttande arbeid utomhus vert utført inneverande sommar. Forprosjektet vart utført i eigen regi. Oppnemnd byggjekomite med Sigmund Stene som leiar. Leigd byggeleiar der Arnold Bolstad frå Stavseng Ingeniørfirma A/S hadde ansvaret. Markant overskriding av budsjett med rundt 1,5 mill kr.  
Teke i bruk sommaren 2010.

- **Bussterminalen og "trekanten"/terminalbygg/parkanlegg.** Sjølv bussterminalen sto ferdig hausten 2009, mens arbeidet på "trekanten" berre har vore på planleggingsstadiet heilt fram til no. Entreprisen på bussterminalen var send ut på anbod via Doffin. I samband med bygging av "trekanten" vil kommunen nytte same tilbodet som vart brukt i samband med hovudentreprisa på sjølv bussterminalen. Det har kome inn pris på arbeidet, men prisen på 4,8 mill NOK var så høg, sett i høve til sum i investeringsbudsjettet, at prosjektet nok vil måtte "høvløst kraftig".

- **Kunstgrasbanen.** Bygd etter utlysing av hovudentreprisene. Deler av arbeida, forprosjekt og prosjektering av anlegget, vart utført av eit firma som samla byggekomite rekna med ville kunne "gjere ein best mogleg teneste for kommunen". Kostnadar godt under kr 100 000 for kvart av desse prosjekt-delane. Seinare er det kjøpt inn traktor og utstyr til bruk på anlegget. Noko av det planlagte arbeidet vart utført på dugnad av idrottslaget.

Byggekomite og leigd byggeleiar. Teknisk Avdeling hadde sekretærfunksjonen inntil byggeleiar (Siv.ing. Hallgeir Wuttudal) vart valgt og sakshandsaminga i samband med byggeløyve.

Teke i bruk utpå hausten 2010.

- **Flytting lokomobilen og modell av Sjøholt hotell.** Innhenting av tilbod via Doffin vedrørande alle arbeida. Ferdigstilt i 2011. Ørskog kommune vil få ansvar for vedlikehald.

- **Garasjeanlegg ved Steinholt.** Innafor "protokollgrensa". Innhenta tilbod frå tre firma før val vart teke. Dette var meint å skulle vere eit prosjekt innafor den statlege "krisepakken", men rehabiliteringa av Steinholt bu- og servicesenter førte til at området garasjeanlegget skulle byggast på ikkje vart ledig før på sommaren 2010. Området vart brukt til plassering av brakker. Eigen regi.

Teke i bruk vinteren 2011. Asfaltering av grunnen/golvet inne i bygget står att, men vil verte utført i samband med dekkelegginga i år der Kolo Vegdekke har avtale om levering av asfalten.

- **Utviding kyrkjegarden.** Innhenta tilbod på arbeida via Doffin. Eigen byggekomite og leigd byggeleiar. Ferdigstilt hausten 2010. Teknisk avdeling var involvert i dei fleste vurderingane som gjekk på val av løysingar vedkommande vegutforming og val av løysingar/arronderingar. Vi stilte vidare på fleire byggemøter og ferdigsynfaring.

- **Etterarbeid ved ballbingen ved Sjøholt skule.**

Innafor "protokollgrensa". Vasto Anlegg A/S vant anbodskonkurransen etter at vi innhenta timeprisar og prisar på masseleveranser frå fleire firma. Arbeidet er ikkje avslutta fordi området ikring ballbingen må stellast til. Mellom anna er det tale om omfattande asfalteringsarbeid, montering ljostastre med ljøs og ifylling rabatt.

Eigen regi.

- **Nytt rådhus.** P.nr.: 4108

Leige av Nordplan A/S til å lage eit "forprosjekt" som kunne nyttast i samband med innhenting av tilbod på "å eige" eller "å leige" arealer som ein kunne nytte. Det var vanskeleg å finne passende firma som hadde ledig kapasitet til å ta på seg oppdraget. Ikkje anbod, men innafor protokollgrensen. Sett på som hastesak der vi søkte hjelp frå innkjøpsavdelinga i Ålesund kommune. Det har kome inn tilbod og avgjerd er tatt,... men om dette vert politisk akseptert er uvisst.

- **Tenestekjøp frå Ørskog Energi A/S.**

Ørskog kommune har inngått avtale med Ørskog Energi A/S om kjøp av tenester. Avtalen vart underteikna i 2010. Det vart ikkje innhenta tilbod på desse tenesteleveransane. Årleg

sum overskrider kr 500 000 og kan verte nesten dobbelt så mykje. Dette ligg utafor retningslinene for offentlege innkjøp sjøl om Ørskog kommune er medeigar i firma.

**- Sal av gamal brannstasjon.**

Her veit eg ikkje kva som hende, men vi trur at det ikkje vart innhenta tilbod frå fleire enn ein tilbydar.

**- Symjehallen ved Sjøholt skule.** P.nr.: 4060

Norconsult A/S vart leigd inn for å vurdere tilstanden og kva som måtte gjerast. (Vi hadde løysinga klar, men det måtte inn folk utanfrå for å fastslå at vår vurdering av situasjonen var rett.) Sist på året vart også Stavseng Ingeniørkontor A/S engasjert for å kontrollere at vår vurdering av statisk lastbilde stemte. Resultatet dei kom fram til vart samanfallande med vår eiga vurdering.

Prosjektet har vore ute på anbod, og, arbeidet har starta med fast freist for fullføring.

**- Krisepakken** – oversikt over delprosjekta innafor dette opplegget.

Ørskog kommune fekk nærare 1,5 mill kr som skulle brukast opp i løpet av kort tid. Dette førte nesten til "panikk i leiren" fordi vi måtte finne fram til fleire passande prosjekt i løpet av berre nokre månader. Forsøker her å sette opp prosjekta i den rekkefølge som dei vart utførte. Vi hadde ikkje faste start og sluttdato for desse småprosjekta.

Arbeida måtte kunne karakteriserast som "hastesaker" der det gjaldt om å "berge pengene" som lå i "krisepakken" allereie frå starten. Vår situasjon var at avd. ing med ansvar for desse sakene slutta og at vi andre derfor måtte få utført resten av arbeidet "på sparken".

Det viste seg at det nesten ikkje var mogleg å få tak i personer som ville ta på seg arbeida innafor fristen for ferdigstilling som var sett i samband med tildeling av midlene.

- **Skifting vinduer i sjukeheimen.** Nytt tidlegare tilbod frå firma med godt renome. Etterarbeida vart utført av leigd snekkarfirma. Innafor protokollgrensa.

- **Skifting vinduer i Halvardmarka bustader.** Noko rehabilitering. Nytt tidlegare leverandør og tidlegare innhenta tilbod.

- **Skifting ytterdører i inngangspartiet på rådhuset.** Nytt firma som tidlegare har vore brukt til slike oppdrag og som det har vore innhenta tilbod frå.

- **Måsøyra:** Førebuande prosjekt der området vart oppmålt og arrondert. Det vart sett opp steinmur for innfylling av jord og tilplanting. Asfaltering vart også gjort. Oppfylling og planting er ikkje utført fordi vi fekk ordre om å stanse (kvaliteten på steinarbeida vart funne å vere for lite estetisk...?). Området vart delvis rydda for skog og anna brennbart vrakgods våren 2010 (gratis utført for Ørskog kommune).

Dette arbeidet lå innafor protokollgrensene. Lokal entreprenør ble benyttet.

Prosjektet ikkje avsluttet/fullført. Detaljplanlegging gjenstår før fullføring kan skje.

- **Solskjerming ved helseavdelinga.** "Ad-hoc"-prosjekt der ein nytt firma som ørskog kommune hadde god kjennskap til frå tidlegare leveranser. Teknisk Avdeling godkjende prosjektet, men lot andre styre sjølve arbeidet i høve deira behov.

- **Solskjerming ved Ingridstova.** "Ad hoc"-prosjekt som kom med i "krisepakken". Vi nytt firma som Ørskog kommune har god kjennskap til frå tidlegare. Dette prosjektet vart styrt "litt utafor" Teknisk Avdeling.

- **Skifting armatur på sanitæromma ved Skarbø skule.** Med i "krisepakken" og utført av lokal elektrisk utan spesiell innhenting av tilbod på anna enn armatur.

- **Rehabilitering og oppgradering kommunale vegar for 2010.** Her var det tale om mange små delprosjekt. Det har aldri tidlegare vore spørsmål om oppsplitting av dette arbeidet i fleire einskilde prosjekt slik som det no er tale om. Her er alle prosjekta som vart utført inneverande år sett opp i same rekkefølge som prioritert av TNM.

Alt asfaltarbeide må trekkast ut fordi det er det inngått avtale med KOLO Vegdekke om at dei skal utføre desse arbeida i samsvar med inngått avtale om leveranse av asfaltprodukter, jmf interkommunal innkjøpsavtale.

Når det gjeld vegarbeid av denne type så har det ikkje tidlegare vore innhenta reelle anbod på dei arbeida som går føre sjølve asfalteringa. Det har vore vanleg å nytte kommunale entreprenørar i den utstrekning dei har hatt kapasitet og har vore funne skikka til å utføre slike oppdrag for Ørskog kommune. Dette har, ut frå vår erfaring, fungert svært bra, og, har vore sett på som ei god ordning av politikerne i kommunen.

Sett opp delprosjekta i prioritert (TNM) rekkefølge:

- **Jordskarvegen.** Prosjektet er gjeve full gjennomgang i tidlegare saksutgreiing. Viser til vedtak i kontrollutvalet, sak 14/10.

- **Hallwardsætervegen.** Omlegging av vegen ved huset til Rolf Viset. Uttrauing, bygging berelag, grusing og asfaltering. Godt innafør protokollgrensa. Grunnarbeida vart utført av Karl Vestre.

- **Bjørndalen.** Generell reparasjon og asfaltering.

- **Nærmiljøanlegg Reitane.** Innafor protokollgrensa. Berre asfaltlegging. Privat anlegg som kommunen har støttet. Kvifor dette skulle prioriterast av oss veit ikkje vi noko om, men ordføraren peika på dette som ei viktig sak for nærmiljøet.

- **Inngang Gamlebanken.** Ikkje eit kommunalt prosjekt. Innafor protokollgrensa. Legging av asfalt initiert av nokre medlemmar av Rotary og vidare pålagt oss av politikerne i Ørskog. Kvifor dette skulle prioriterast er ukjent for oss.

- **Bygdevegen.** Delar av vegen over Vaksvikfjellet vart grøfta og grusa opp frå brua innafor kapellet og ein bit innover mot grensa til Vestnes kommune.

Dette var innafor protokollgrensa.

Etter pålegg frå politikere og rådmann "hengte vi oss på" eit rehabiliterings-prosjekt som Statens Vegvesen utførte på fylkesvegen som stanser like før sportskapellet. Det er kommunal veg frå sportskapellet og fram til brua som vi nemnde tidlegare. Denne vegbiten inkludert snu- og parkeringsplass like før brua utførte då Statens Vegvesen for oss utan innhenting av andre tilbod enn dette frå dei (Mesta). Grunnkjøp er ikkje avklart enno, men vil verte gjort so snart vi får kapasitet til det.

Arbeidet vart etter vår meining utført av Statens Vegvesen v/Mesta, og betre tilbod vil ein ikkje kunne rekne med å få.

- **Einavegen.** Kant- og grøfterensk og asfaltering. Innafor protokollgrensa.

- **Hjellevegen.** Grøfterensk, kantarparasjon og dekkelegging.

- **Kråa.** Grøfterensk, grusing og asfaltering. Litt uro ikring val av løysing, men det ser ut til å roe seg.

- **Me-Hatlen.** Tilordning og dekkelegging.

- **Malmbanevegen.** Vi måtte utføre masseutskifting over en lang strekning før grusing og dekkelegging. Kostnadar innafor protokollgrensene.

- **Brutilsyn.** Vi vart i 2009/2010 pålagt å føre tilsyn med bruene i kommunen. Kriterium: Større spennvidde enn 2,5 m. Dette vart utført og medfører at vi må foreta omfattande reparasjonar inneverande år. Kommunal kai vil mellom anna måtte rehabiliterast for store summar i næraste framtid..

- **Vidareføring kommunaltekniske anlegg ved byggefelt i Vaksvika.**

Mindre arbeid der Karl Vestre vart leigd inn for å utføre vidareføring av vatn og kloakk fram til ei tomt i Vaksvika. Kommunen held naudsynt materiell.

Eigen regi. Leidningane vart tekne i bruk somaren 2010, men prosjektet er ikkje avslutta enno på grunn av uklarheit i høve nabo.

**- Innleige dykkarfirma for å sjekke utløpsleidning for avløp Skarbø.**

Etter "oppfordring" frå Knut Harstad vart vi pålagt å leige inn dykkarfirma for å sjekke utlaupsleidninga frå kloakk på Skarbø. Han og fleire av bebruarane i området hadde, på tross av vår (TA) forsikring om at leidninga låg slik ho skulle, sett at nemnde utsløppsleidning låg og flaut oppå havoverflata, bort i mot båtstøene deira. Brevvekslinga mellom Knut Harstad og Teknisk Avdeling medførte omfattande bruk av kommunal arbeidskapasitet. Til sist vart vi reelt truga med Sivilombodsmannen dersom vi ikkje svara på atter nye brev i saka. Vårt spørsmål er: Korleis skal vi prioritere våre oppgaver? Det vart so vidt eg kjenner til ikkje innhenta tilbod på dykkertenesten fordi det var svært vanskeleg å få nokon til å kome hit for å utføre arbeidet.

Prosjekt avslutta: Dykkarrapporten slo fast at leidninga framleis låg der ho alltid hadde gjort. Det vart ikkje påvist feil eller manglar.

Biprosjekt: Lukt frå slamavskillar på Skarbø. Det vart skifta ventilar og lukta forsvann allereie i 2009, men klagene fortsatte å komme inn til oss heilt fram til vinteren/våren 2010. Lokalt røyrleggarfirma utførte arbeidet utan at spesielt tilbod vart innhenta.

**- Oppgradering ved Skarbø skule.** Fleire små prosjekt vart slått saman til eit. Utetrapp vart skifta. Nytt alarmanlegg vart installert. Tilordning uteområde vart oppstarta, men snøen og frosten kom tidleg i 2010 slik at resten av arbeidet vart utsett til i år. Tilbod vart innhenta, men berre ein ville ta på seg arbeidet med uteområdet.

**- Sjøholtstranda miljøstasjon.** Prosjekt planlagt og teke i bruk primo november 2010. Dette krevde omfattande førebuingar og fleire mindre innkjøp av utstyr. Mellom anna truck til kr 65 000. Leige av kontainrarar og anna utstyr. Leige av areal for bruk til miljøstasjonen til kr 210 000 pr år har ikkje vore ute på anbodsrunde.

**- Ny barnehage.** Prosjektet har vore i ein "sonderingsfase" der vi har prøvd å finne passande tomt. Dette har kravd mykje av vår arbeidskapasitet.

**- Isgang i Ørskogelva.** Innleige av maskiner "ad hoc". Vi måtte leige inn gravemaskiner for å sikre området mot ny oversvømming. Ikkje tid til å tenke på anbodsinnhenting. Prosjektet vedrørende elveforebygging vart starta i 2010, men søknad vart ikkje sendt før i 2011. Kapasitetsmangel ved avdelinga heile 2010.

**- "Sal" av to kommunale tomter på Skarbø.** Dette tiltaket vart ikkje lyst ut offentleg.

**- Framlegging av vatn, kloakk og overvatn til nye hytter Ørskogfjellet.**

Dette gjeld generell framlegging av kommunale vass- og avlaupsleidningar i samband med hyttebygging på Ørskogfjellet. Store summer går kvart år med til desse føremåla. Tidkrevande prosjekt i eigen regi. Omfatter også digital innmåling av anlegga.

- **Martinusplassen og Sjøholtstranda bustadfelt.** Framføring av vass-, avlaups- og overvassleidningar i samband med tilknytting av nye bustadeiningar. Krevjande arbeid i eigen regi. Omfattar også digital innmåling av anlegga.

- **Elvastien.** På førebuingstadiet. Tok nokså mykje tid i samband med innsending av søknadar (hjelp) og førebuing av tekniske løysingar.

- **Renovering kommunale husvære.** Vi har utført renovering av fleire kommunale husvære, i større eller mindre grad, for at vi skulle kunne halde fram med å leige dei ut. Utan utleige vert det heller ikkje inntekter.

- **Reparasjon av ventilasjonsanlegg på sjukeheimen.**

Vi nytta dei som har ansvar for service og generelt vedlikehald av anlegget fordi dei har kompetanse på nettopp dette ventilasjonsanlegget. Kostnaden var kr 64 000 eks eiga arbeid.

- **Parkeringsplass Brauta.** Oppstart i 2010 med oppmåling og førebuingar i eigen regi. Hadde tenkt å gå ut med førespurnad om tilbod frå "lokale" entreprenørar, men det er ikkje avgjort enno. Kanskje vi finn å lyse det ut på Doffin. Dekkelegginga er avtalt i samsvar med innkjøpsavtale.

MERK: Det er sikkert mange mindre prosjekt som eg ikkje har teke med her, men hovudmassen er nemnt.

**Det vert laga eige skjema der opplysningane ligg inne med tillegg for korleis retningslinene for offentlege innkjøp skal følgast og har vor fulgt. Dette skjema er ikkje komplett enno, men saka har høg prioritet.**

Med venleg helsing

Martin Iversen  
Fungerande teknisk sjef

Ørskog kommune										
Oversikt over anskaffelser ved teknisk avdeling, 2009 / 11										
Krisepakken = KP	ANSKAFSELSESPROSEDYRE I HHT FORSKRIFT OM OFFENTLEGE ANSKAFFELSER									
	Tilbud etter del II	Tilbud etter del III	Tilbud etter del I	Direkte anskaffelse	Direkte anskaffelse	Uttak etter behov	Uten tilbud			
Prosjektnummer og navn	Budsjett	Bygg / anlegg	Tenesteyting	Over terskelverdi	Tilbud etter del III	Tilbud etter del I	Direkte anskaffelse	Direkte anskaffelse	Uttak etter behov	Uten tilbud
1252: Flytting lokomobilen	2 300 000	X	X			Under kr 500 000, min. - 5 innbydde.	Eter §11-2, a Under kr 200 000	Regler gjeve for bruk av finanskrise- midler	Interkommunalt innkjøps-samarbeid	
5421: Kunstgrasbane		X	X							
KP: Skifte vinduer sjukeheim		X			Utløst i Doffin			"Krisepakken"		Delvis
KP: Skifta vindu i Halvardmarka					Utløst i Doffin			"Krisepakken"		Delvis
4020: Sjøholt skule - utskifting vindaug	300 000	X						Bestilling av rest etter tidligere tilbud		Delvis
4021: Sjøholt skule - planl. romdeling gymsal	200 000		X				X			
Sjøholt skule uteområde ballbinge	150 000	X				Konkurranse med to tilbydarar	X		Tilbud innhenta	Begge deler
4048: Steinholt busenter - carport	300 000	X	X					Finanskrise midler	Tilbud innhenta	
4060: Sjøholt skule opprusting tak i symjehall	1 875 000	X	X		Igangsett		Tenesteyting bestilt direkte		Tilbud innhenta	
KP: Skogen bustader - opprusting	200 000	X					Bestilt hos same aktør som sist			Delvis
KP: Skifting av ytterdør i rådhuset								Finanskrise midler		Delvis
4108: Nytt rådhus	4 125 000	X	X				Tenesteyting er bestilt direkte			Tilbud innhenta
4048: Opprusting kommunale bygg	1 220 000	X								
4048: Skarbø skule oppgradering	230 000	X				Konkurranse - fleire tilbydarar		Opprusting kommunale bygg		
4113: Steinholt busenter	12 000 000	X	X		utløst i Doffin					
5900: Utviding av kyrkje-garden		X	X		utløst i Doffin					
Sjøholtstranda miljøstasjon		X	X				Diverse mindre innkjøp			
Isgang i Ørskogelva		X					Haste oppdrag / nødverge	Ekstraordinært		
7061: Opprusting kommunale vegar - 2010	1 500 000	X			X			Finansbudsjett	Asfalt og grus	

Delprosjekt veg - 20101 prioritert rekkefølge	Desse prosjekta er ikkje spesifiserte fordi dei går inn i ein heilhetleg pakke med invest.nr 7061. Jordskarvegen er eit unntak som er gjort rede for tillegare.										
1. Jordskarvegen	x					x					Begge deler
2. Halvardsætervegen ved huset til Rolf Viset											Begge deler
3. Bjørndalen											Begge deler
4. Nærmiljøanlegg Reitane	x					x					Begge deler
5. Gamlebanken inngang	x					Ikke utført					
6. Bygdevegen Vaksvikfjellet	x					x				Tilbod frå Mesta	
7. Einavegen	x					x					Begge deler
8. Hjellevengen	x					x					Begge deler
9. Kråavegen	x					x				•	Begge deler
10. Me-Hatlen	x					x					Begge deler
11. Brukontroll inkl kaia	x					x				Tilbod frå Bruko.	
12. Malmbanevegen	x					x					Begge deler
Fleire var prioriterte, men pengane strakk ikkje til.											
Dette skjema er tenkt som en mal for å plassere tiltak og innkjøps oppgaver i rett kategori allereie ved starten av oppgaven.											
NB Skjemaet må tilpassast gjeldande forskrift og det kan også vere lurt å legge inn en kolonne for saker som blir innkjøpt gjennom det interkommunale innkjøpsamarbeidet											

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2011

**SAK 08/11  
TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL 2011 – ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Utdrag frå tertialrapport, første tertial 2011 – Ørskog kommune

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold ti det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar.

Det er viktig at rapporteringa skjer med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak då med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet- og investeringsbudsjettet).

### **Kommentarar**

Budsjettunderskotet pr. 30.04.2011 er 1.094.000 kroner. Ei framskriving av meirforbruket pr. 30.04.2011 gir eit meirforbruk på over 5 mill. kroner i 2011 og den økonomiske situasjonen slik den kjem fram i rekneskapen for 1. tertial er sett på som svært alvorleg. Det går fram av saksutgreiinga at det vil bli sett i verk tiltak for å få styring med budsjettbalansen.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen som kjem fram i 1. tertialrapport 2011 til observasjon.

Harald Rogne  
dagleg leiar



## TERTIALREKNESKAP PER 30.04.2011

SAKSGANG		
Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
032/11	Ørskog tenesteutval	07.06.2011
023/11	Teknisk, næring og miljø	08.06.2011
047/11	Formannskapet	14.06.2011
040/11	Kommunestyret	22.06.2011

### Samandrag:

I økonomireglementet for Ørskog kommune les vi følgjande:

*"Rådgjever økonomi utarbeider månadlege rekneskap samanlikna med periodisert budsjett. Føremålet med rapportane er at dei skal vere hjelpemiddel for tenesteeiningane i arbeidet med å halde dei økonomiske rammene i budsjettet. Rekneskapa pr. 28.02., 30.06., og 31.10. vert lagt fram for utvala, formannskapet og kommunestyret til orientering.*

*Ved vesentlege overskridingar, eller når det kan ligge an til slike, på den einskilde eininga skal utvala, formannskapet og kommunestyret ha orientering snarast råd med, om mogleg, forslag til inndekking.*

*Tertialrekneskapa pr. 30.04. og 31.08. er meir omfattande hovudrapporteringar til kommunestyret. Her vert det gjort ein grundig gjennomgang av rekneskapan i høve til budsjettet. Einingsleiarane legg tertialrekneskapan fram for hovudutvala og vedtaka herifrå følgjer rekneskapan vidare til formannskapet og kommunestyret saman med rådmannen sitt saksframlegg.*

*Delegasjonsreglementet gir avgrensa fullmakter til einingsleiarane, utvala og rådmannen til å regulere budsjettet i løpet av året. I samband med tertialrekneskapa kan det gjerast framlegg om budsjettreguleringar etter behov både i dei folkevalde organa og administrativt."*

I samsvar med dette vert tertialrekneskapan per 30.04.2011 lagt fram for kommunestyret.

### Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	27.05.2011	Einingsleiarar,; Ørjan Haram; lene.solheim@skodje.kommun e.no,	Tertialrekneskap 30.04.2011
9	U	27.06.2011	Linda Hoff Johansen; Berith Sylte; Kari Sjøholt; Mons-Olav Walgermo; Hilde Sørdal; Bodil Grindvik Uri; Gaute Aamlid; Aase Pernille Gjerde; Anders P. Grotle; Svein Inge Alnes; Jacob Havnsund; Martin Iversen; Ann-Mari Abelvik; Janette O. Steinvik	Melding om vedtak KS-sak 040/11 Tertialrekneskapet per 30.04.2011.

Vedlegg: Perioderekneskap 1. tertial 2011

Dok.dato  
07.06.2011

Tittel  
Skjema.pdf

Dok.ID  
42596

### Saksopplysningar:

Driftsrekneskapet pr. 30.04.11 syner underskot i høve budsjettet på kr. 1.094.000:

Sum frie inntekter	meirinntekt	-	420.000
Netto finansutgifter	meirutgift		29.000
Overført investeringsrekneskapen	mindreforbruk	-	318.000
<b>Til fordeling drift</b>	<b>meirinntekt</b>	<b>-</b>	<b>709.000</b>
Sum fordelt til drift	meirforbruk		<u>1.803.000</u>
<b>Budsjettunderskot</b>	<b>meirforbruk</b>		<b><u>1.094.000</u></b>

### Sum frie inntekter

Skatteinntektene ligg om lag på budsjettet nivå og inntektsutjamninga over budsjettet.

Mindreinntekt momskompensasjon gir tilsvarande reduksjon i overføring til investeringsrekneskapen.

Ei oppdatert prognose frå staten gir svikt i frie inntekter på kr. 224.000 i 2011.

### Netto finansutgifter

Rentenivået har auka litt i første tertial, men ligg innafor føresetnadene i budsjettet.

### Overført investeringsrekneskapet

Overføringa er i samsvar med refundert momskompensasjon frå investeringar.

### Til fordeling drift

Pr. 30.04.2011 er det til fordeling drift kr. 709.000 meir enn periodisert budsjett viser.

### Sum fordelt til drift

Sum fordelt til drift summerer seg netto kr. 43.373.000 per 30.04.2011, noko som er kr. 1.803.000 over budsjettet.

Det meste av overskriddinga kjem frå følgjande postar (runde summer):

Løn og sosiale kostnader fråtrekt refusjonar sjukeløn	kr.	750.000
Leige frå vikarbyrå	kr.	190.000
Elektrisk energi	kr.	200.000
Snøbrøyting	kr.	370.000
Drift av bilar	kr.	110.000
Vedlikehald kommunale bygg, sørvisavtalar og reparasjonar	kr.	150.000
Bidrag etter sosialtenestelova	kr.	200.000

### Formannskapet sitt ansvar

Formannskapet har ansvar for oppfølging av budsjetttrammene for tilskot soknerådet, avsetjing til lønsoppgjjer, pensjonspremie/pensjonstilskot, fellespost lærlingplassar, særskilte tilskot Ørskog samfunnshus, Ørskoghallen, driftstilskot Åknes/Tafjord IKS og disposisjonspost formannskapet.

Det står att kr. 919.000 av avsetjing til lønsoppgjjer. Utrekningar viser at dette er kr. 600.000 for lite.

#### **Tenesteutvalet sitt ansvar**

Samla meirforbruk kr. 1.360.000.

Det vert vist til kommentarar i rekneskapsdokumentet.

Det vert gjort framlegg om å overføre kr. 600.000 frå sosialtenestene til bu- og habiliteringstenestene for overtaking av ansvar for støttekontaktar.

#### **Disponert av TNM**

Meirforbruk teknisk avdeling er knytt til brøyting og vedlikehald av kommunale vegar.

#### **Investeringar**

Brutto investeringar utgjer kr. 2.129.000. Det vert vist til omtale i dokumentet.

#### **Vurdering:**

Det er klart når denne saka blir sendt ut at utbytte frå Tafjord Kraft for 2010 blir 215.000 kroner høgare enn budsjettet. Det betyr at dei frie inntektene vil vere om lag som budsjettet for 2011.

Lønsoppgjjeret vart kr. 600.000 dyrare enn budsjettet og dette vil måtte dekkjast innafor vedteken budsjetttramme.

Ei framskriving av meirforbruket per 30.04. gir meirforbruk i 2011 på over 5 mill. kr., som i 2010.

Den økonomiske situasjonen slik den kjem fram i rekneskapsrapporten for 1. tertial er svært alvorleg.

Rådmannen ser det som heilt nødvendig å få redusert bruken av personell, med tilhøyrande løns- og sosiale kostnader, i 2. halvår – sjølv om det får negative konsekvensar for tenesteytinga. Rådmannen m/ stab vil ha meir kontakt med einingsleiara for å avklare val av driftsprioriteringar ut frå dei økonomiske rammene.

#### **Rådmannen legg saka fram med slik**

### **INNSTILLING:**

Ørskog kommunestyre tar rekneskapsrapporten for 1. tertial 2011 til orientering og føreset at tenesteeiningane set i verk tiltak for å halde driftsrammene.

Bu og habiliteringstenestene får overført kr. 600.000 frå sosialtenestene til dekking av overtatt ansvar for støttekontaktar.

#### **Behandling i Teknisk, næring og miljø den 08.06.2011**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **TNM-023/11 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre tar rekneskapen for 1. tertial 2011 til orientering og føreset at tenesteeiningane set i verk tiltak for å halde driftsrammene.

Bu og habiliteringstenestene får overført kr. 600.000 frå sosialtenestene til dekking av overtatt ansvar for støttekontaktar.

#### **Behandling i Ørskog tenesteutval den 07.06.2011**

Merknad: Til sak om tertialrekneskap mangla vedlegg – Perioderekneskap 1. tertial 2011. Tertialrekneskapen vart delt ut i slutten av møtet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **ØTU-032/11 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre tar rekneskapen for 1. tertial 2011 til orientering og føreset at tenesteeiningane set i verk tiltak for å halde driftsrammene.

Bu og habiliteringstenestene får overført kr. 600.000 frå sosialtenestene til dekking av overtatt ansvar for støttekontaktar.

#### **Behandling i Formannskapet den 14.06.2011**

Ragnar Bakken sette fram følgjande forslag:

*Ørskog kommunestyre tek rekneskapen for 1. tertial 2011 til orientering.*

*Ørskog kommunestyre vil peike på at meirbruk for fleire driftseiningar er urovekkande høge.*

*Ørskog kommunestyre krev at tenesteeiningane planlegg og gjennomfører tiltak som skal gje balanse innafor tildelte rammer innan utgangen av året. Dette må klart gå fram av komande rapportar på fastlagte skjema.*

*Ørskog kommunestyre bed om framlegg til ei "opprydding" i investeringstiltaka for 2011 jf. overførte midlar frå tidlegare år og gjeldande vedtak.*

Det vart røysta over innstillinga med tilleggsforslag frå Ragnar Bakken.

Innstillinga med tilleggsforslag vart samrøystes vedteken.

#### **FS-047/11 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre tek rekneskapen for 1. tertial 2011 til orientering.

Ørskog kommunestyre vil peike på at meirbruk for fleire driftseiningar er urovekkande høge.

Ørskog kommunestyre krev at tenesteeiningane planlegg og gjennomfører tiltak som skal gje balanse innafor tildelte rammer innan utgangen av året. Dette må klart gå fram av komande rapportar på fastlagte skjema.

Ørskog kommunestyre bed om framlegg til ei "opprydding" i investeringstiltaka for 2011 jf. overførte midlar frå tidlegare år og gjeldande vedtak.

Bu og habiliteringstenestene får overført kr. 600.000 frå sosialtenestene til dekking av overtatt ansvar for støttekontaktar.

#### **Behandling i Kommunestyret den 22.06.2011**

Formannskapet si innstilling einstemmig vedteke

#### **KS-040/11 Vedtak:**

Ørskog kommunestyre tek rekneskapen for 1. tertial 2011 til orientering.

Ørskog kommunestyre vil peike på at meirbruk for fleire driftseiningar er urovekkande høge.

Ørskog kommunestyre krev at tenesteeiningane planlegg og gjennomfører tiltak som skal gje balanse innafor tildelte rammer innan utgangen av året. Dette må klart gå fram av komande rapportar på fastlagte skjema.

Ørskog kommunestyre bed om framlegg til ei "opprydding" i investeringstiltaka for 2011 jf. overførte midlar frå tidlegare år og gjeldande vedtak.

Bu og habiliteringstenestene får overført kr. 600.000 frå sosialtenestene til dekking av overtatt ansvar for støttekontaktar.

Rådmannen i Ørskog  
Anders P.Grotle

Rådgjevar økonomi  
Svein Inge Alnes

**Utskrift til:**

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.09.2011

**SAK 09/11  
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – PRAKTISERING AV  
FORVALTNINGSLOVA MED OMSYN TIL SVARFRISTAR PÅ INNGÅANDE  
KORRESPONDANSE – ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapporten nemnt ovanfor

Rapporten har vore førelagt rådmannen til høyring og det ligg ikkje føre merknader til denne.

Rapporten konkluderer med at det i all hovudsak blir gitt svar på brev/epostar innan fristen og at det i eit visst omfang blir gitt førebelse svar når kommunen ikkje greier å svare innan fristen. Rapporten avdekkjer likevel at det skulle ha vore gitt fleire førebelse svar enn det som blir gjort og at denne mangelen i stor grad gjeld teknisk avdling.

Det går fram at det ikkje er etablert rutinar for å sjekke handtering av inngåande dokument og sjekke at ansvar blir plassert på loeiarane for å gå gjennom restanselister.

Ved teknisk avdeling har det vore særst lange restanselister og i ein del tilfelle har svar blitt gitt for seint. Rapporten stiller spørsmål ved om leiinga i kommunen har følgd dette godt nok opp – også med klare rutinar.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**innstilling:**

1. Kommunestyret sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram i avsnitt 5.1 side 14 i rapporten.
2. Rådmannen blir bedt om å få retta opp i dei manglane som går fram av avsnitt 5.1 i rapporten.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:  
Kurt A. Løvoll

Vår dato:  
08.09.2011  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Ørskog kommune  
v/Rådmannen  
Rådhuset  
6240 ØRSKOG

### Førespurnad – rutinar for finansforvaltning i Ørskog kommune.

Vi viser til vår attestasjonsrapport om reglement for finansforvaltning i Ørskog kommune datert 04.06.2010.

Vi vil med dette minne om at det i finansforskrifta § 8 om rapporteringsrutinar går fram at

*Det skal etableres administrative rutiner som sørger for at finansforvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og denne forskrift, og at finansforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Det skal herunder etableres rutiner for vurdering og håndtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik fra finansreglementet.*

*Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer rutinene.*

*Kommunestyret og fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterleves.*

Dersom det er ønskeleg at kommunerevisjonen gjennomfører slik vurdering, ber vi om at eventuelle rutinar vert sendt elektronisk til revisjonen (kurt.lovoll@komrev3.no) så snart som mogleg.

Med helsing

  
Kjetil Bjørnsen  
dagleg leiar

  
Kurt A. Løvoll  
revisjonsrådgjevar

Kopi: Kontrollutvalet i Ørskog kommune